

GAULAR KOMMUNE

FØRESEGNER TIL  
REGULERINGSPLAN FOR PERHAUGEN.

§ 1. Avgrensinga av det regulerte området er vist på reguleringsplanen med plangrense.

§ 2. Området er regulert til:

- |                 |                           |
|-----------------|---------------------------|
| - BYGGEOMRÅDE   | - bustadføremål           |
| - TRAFIKKOMRÅDE | - køyrevegar              |
|                 | - gangvegar/fortau        |
| - FRIOMRÅDE     | - friområde, leikeplassar |
| - SPESIALOMRÅDE | - kloakkrensesystem       |

§ 3. BYGGEOMRÅDE FOR BUSTADER

a)Områda skal nyttast for frittliggende bygningar med inntil 2 sjølvstendige familiehusvære ( tomannsbustader ) på kvar tomt.

Bygningane skal normalt førast opp i 1 etasje på sokkeletasje, men bygningsrådet kan tillate at det vert ført opp bygningar med 3 etasjeplan der ein finn at terrengtillhøva innbyr til dette, og det elles ikkje bryt med eit harmonisk heilsapsinntrykk eller medfører ulemper for grannelaget.

b)For kvart sjølvstendig husvære skal det settast av plass for garasje (eller biloppstillingsplass) for 1 bil, likevel ikkje mindre enn 2 biloppstillingsplassar pr. tomt. I tillegg til dette skal det for kvar tomt vere avsett 1 oppstillingsplass pr. husvære for gjesteparkering.

c)Grunnflate for bustadbygg inkl. garasje skal ikkje overstige 30% av nettoarealet på tomta.

d)Garasje kan innanfor reglane i byggeforskriftene førast opp like inn til nabogrense. Garasjen kan berre oppførast i ein etasje med grunnflate ikkje over  $40m^2$ . ss ss

e)Garasjar skal som hovudregel settast opp innanfor byggegrensene, men kan og etter bygningsrådet si godkjenning settast opp utanfor denne.

f) Bygningane skal ha saltak eller anna form for skråtak, med takvinkel min. 15°.

g) Det er ikkje høve til å nytte taktekking med sterk raudfarge, og heller ikkje ytterkledning og taktekking av materialer som skil seg sterkt ut frå omgjevnaden.

#### § 4. TRAFIKKOMRÅDE.

a) Køyrevegar skal opparbeidast med bredde og kurvatur som vist i planen, med unntak av veg mellom tomt nr.10 og 11 som ikkje vil verta opparbeidd no.

b) Ved detaljprosjektering kan ein føreta mindre justeringar der dette inneber betre terrengtilpassing.

#### § 5. FRIOMRÅDE.

Innan friområdet kan det etablerast bygg og anlegg som har naturleg tilknyting til bruken av området, etter plan som er godkjent av bygningsrådet.

#### GENEREKT.

§ 6. Inga tomt kan tilplantast med tre og busker som reduserer fri sikt, og som etter bygningsrådet sitt skjøn reduserer trafikksikringa, eller er til hinder for offentleg ferdsel.

§ 7. Ved sida av desse føreseggnene gjeld plan-og bygningslova, kommunen sine vedtekter og departementet sine byggeforskrifter.

§ 8. Innafor råma av plan-og bygningslova, kommunen sine vedtekter og departementet sine byggeforskrifter, kan bygningsrådet gjere mindre vesentlege unntak frå desse føreseggnene.

Naustdal den 5-9-88. A.T.

Godkjent Gaular Bygningsråd  
Sak ..... 64 / 88 .....

Ilfarle

GAULAR KOMMUNE

Vedteke i Gaular komm. styre 22.09.88  
Sak 94 / 88.

etter klarsagelse  
formannens b. saker